

MØTEBOK

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Fredag 7. september 2018 kl. 09.00
LOS Marine, Rubbestadneset

Sak 32/18
GJG/rr

Skyss – reduksjon i ferjetilboden

Gjennom media er det gjort kjent at ferjeoperatørane har blitt kontakta av leiinga i Skyss for å få innspel til korleis selskapa kan gjennomføra kostnadskutt.

Bakgrunn for dette er at Hordaland fylkeskommune må spara nær 100 millionar kroner i 2019. Samferdsle er ein av dei største sektorane i fylkeskommunen, og det ligg forventingar til at ein stor del av kostnadsreduksjonane kjem her. Skyss forventar ein kostnadsauke som er høgare enn forventa inntekter, og vil arbeida for å få ned kostnadane.

Eit framlegg frå Skyss er å kutta første eller siste avgangen på alle 17 fylkesvegsambanda i Hordaland.

Då ferjekontraktane vart vedtekne i fylkestinget i førre periode, var vedtaket veldig tydeleg på at ferjedrifta måtte sikrast finansiering. Dette var eit klart vilkår.

Utgreiinga som var lagt til grunn for vedtak har vist at nullutsleppsalternativet som blei valt, maksimalt skulle kosta 60 mill. kroner ekstra i året. Tal som no er førelagt syner at kostnadsauken viste seg å vere på over 70 prosent. Årlege kostnadar auka frå rundt 330 mill. til 570 mill. kroner.

I tillegg til reduksjon i rutetilboden er det og framlegg om mindre bemanning på ferjene, billettporisane er auka og det kjem ytterlegere auke ved innføring av autopass.

For Sunnhordland som har i alt 9 fylkesvegsamband vil dette ha stor innverknad på utvikling av Sunnhordland som bu, arbeids- og servicemarknad. Færre avgangar og auka kostnadar vil særleg ramma pendling og varetransport.

Hordaland fylkeskommune arbeider no med det faglege underlaget til budsjettet for 2019. Innspel til kostnadskutt vil gå inn i ein pågåande prosess som skal enda med fylkesrådmannen sitt framlegg til budsjett for 2019 og komande økonomiplanperiode. Dette skal endeleg godkjennast i Fylkestinget i desember.

Arbeidsutvalet drøfta saka i sitt møte 23.august og konkluderte med at Samarbeidsrådet må arbeida på fleire områder for å hindra ytterlegare reduksjonar i tilboden.

Samrøystes vedteke uttale:

Ferjene i Sunnhordland er ein del av fylkesvegnettet, og frekvens og stabilitet er ein føresetnad for at «vegane» skal fungera for å binda regionen sammen i ein velfungerande bu-, arbeids og serviceregion.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er gjort kjent med at ferjeoperatørane er blitt kontakta av Skyss for å gje innspel til kostnadskutt. Skyss skriv at fylkeskommunen vurderer å kutta første eller siste avgang på alle sambanda i Hordaland.

Samarbeidsrådet kan ikkje akseptere kutt i rutetilboden. Målet må vere utvida rutetilbod. Redusert rutetilbod rammar spesielt dagpendlarar som på ein del strekningar allereie slit med den korte openingstida i mange samband. I tillegg vil dette ramme næringslivet/varetransport som blir mindre effektiv.

Etter at fylkeskommunen slutta å nytte staten sitt riksregulativ for ferjetakstar har takstane hatt ein vekst som er langt høgare en vanleg prisstigning. Dette rammar også dagpendlarar og næringsliv og gjer næringslivet vårt mindre konkurransedyktig. Det kan vi ikkje akseptere.

Ein eventuell overgang til Autopass vil også ramme dagpendlarar. Inntektsbortfallet frå passasjertransport må finansierast på annan måte. Dersom ikkje dette kan finansierast gjennom lågare kostnader i drifta, bør heile Autopassordninga revurderast.

Samarbeidsrådet legg til grunn at ferjeregulativet er likt i dei to fylka som blir det nye Vestland. Det er grunn for å sjå på ei samordning allereie no. Det beste ville vere at den nye regionen nyttar staten sitt riksregulativ slik at kostnadsnivået for brukarar blir likt uavhengig av om det er stat eller fylke som driv ferjestrekninga.